



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 11.04.2018

Vår ref.: 201833263-2

Arkiv: 411

Sakshandsamar:

Dykkar dato:

Svein Arne Vågane

Dykkar ref.:

## Prestelva - Flaum på privat eideom - Gnr. 108, bnr. 3 m.fl. - Ber om attendemelding fra kommunen - Lindås kommune

Vi syner til brev av 23.03.2018 fra Jurist/ingeniør Halldor Havsgård – kopi av brevet med vedlegg ligg vedlagt. Saka gjeld flaumproblem i området Søre Apalbakken.

I brevet vert det hevda at flaumproblem skadar privat veg og at det kjem vatn inn i hus. Dette har skjedd fleire gongar, men den mest omfattande skaden oppstod etter flaum 15. november 2013. I fylgje Havsgård skuldast flaumproblema tidlegare grøfting på 60-talet og deretter utbygging av Lindås senter. I tillegg renn overflatevatn frå området kring barnehage og skule rett ut i Prestelva. Endeleg vert det nemnt i brevet at det skal byggjast ny kommunal barnehage i eit våtlendt område som derfor må turleggjast. I brevet uttrykkjer Havsgård otte for at meir overflatevatn då vil verte leia ned i Prestelva.

Som planmynde ber vi om at kommunen gjev tilkjenne sitt syn i saka og sender det til oss innan 18.05.2018.

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Siss-May Edvardsen  
sjefingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg: Brev fra Jurist/ingeniør Halldor Havsgård dagsatt 23.03.2018



Kopi til:

JURIST RETTSHJELPER INGENIØR HALLDOR HAVSGÅRD



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)  
Region Vest  
Naustdalsvegen 1B  
6800 FØRDE

201833263-1

Dykker ref.: -

Vår ref.: 1176/Halldor

Bergen, 23. mars 2018

## **FLAUM PÅ PRIVAT EIGEDOM.**

### **GBNR 108/3 SØRE APALBAKKEN I LINDÅS KOMMUNE I HORDALAND. FØREBYGGING AV SKADE ETTER STORE NEDBØRSMENGDER.**

Eg viser til vedlagte 3 brev og 2 kartutsnitt.

Eg er bedt av Einar Lygre, eigar av gbnr 108/3 Søre Apalbakken i Lindås kommune i Hordaland fylke, om å sende eit brev til dere om førespurnad om bistand med moglege fysiske tiltak rundt eigedomen hans, for å unngå framtidige skader på eigedomen som følge av store nedbørsmengder med tilhøyrande flaum.

#### **1. BAKGRUNN**

Bakgrunn for henvendelsen, og omtale av dei faktiske tilhøva på eigedomen, er godt omtala i dei 3 vedlagte breva frå Einar Lygre og far hans, Tom Lygre, og eigar av naboeigedom gbnr 104/8, så eg ber om at desse vert lagt til grunn.

Kort oppsummert så var det i november 2013 ein større flaum i lokalområdet, som medførte at vatnet gjekk over 3 bruer i området, og følgde gardsvegen til Einar Lygre heilt fram til tunet hans.

Vegen måtte reparerast, og i den samanheng fekk han erstatning frå Naturskadefondet.

---

#### **JURIST | RETTSHJELPER:**

**PLAN- OG BYGNINGSLOVEN: REGULERINGSPLAN • REKKEFØLGEKRAV • UΤBYGGINGSAVTALER • REFUSJON  
VEGLOVA: BYGGEGRENSE • EKSPROPRIASJON AV VEIRETT • FORDELING AV VEDLIKEHOLDS-UTGIFTER  
MASTEROPPGAVE I RETTSVITENSKAP VÅREN 2014 OM EKSPROPRIASJON AV PRIVATE VEGER**

**INGENIØR: 500 OPPDRAG INNEN:**

VEGUTFORMING • GATEUTFORMING • VEG- OG TRAFIKKTEKNIKK • ARBEIDSVARSLING • BYGGESAK

**Registrert rettshjelper via Tilsynsrådet for advokatvirksomhet**

**Medlem av Norges Juristforbund | Bestått Advokatkurset**

*"Fremme rett – Hindre urett"*

Flaumen førte også til at det kom vatn inn i huset til nabo Inger-Johanne og Jørgen Øvstegård.

I seinare tid har det også vore fleire tilfelle der Einar Lygre har måtte demma opp og grøfta for å unngå større vassmengder langs gardsvegen igjen.

Seinast hausten 2017 måtte han tilkalla lokalt brannvesen midt på natta for å pumpa vekk vatnet frå ein dam like ved huset hans, med stor fare for at vatnet kunne kome inn i huset til nabo Inger-Johanne og Jørgen Øvstegård igjen.

Grunnen til dei store vassmengdene er tidlegare grøfting og dreneringstunnel bygd rundt 1960, og ikkje minst storstilt utbygging av Lindås senter med både butikkar, parkeringsplassar og bustader.

I tillegg går overflatevatn frå området rundt barnehage og barneskule, idrettshall, og elles frå vegar og parkeringsplassar rett ut i Presteelva, som er den elva som flymde over, og som følger delar av eigedomsgrensa hans.

Det skal no dessutan byggjast ny kommunal barnehage i eit område som i dag er vått og som difor må tørreliggjast, og som ligg nært opp til eigedomsgrensa hans. Overflatevatn vil då bli ført ned i Presteelva nær øvste bru, noko om vil auka vassføringa endå meir.

## 2. TILTAK

Slik Einar Lygre ser det, er løysinga å utvida laupet og opningane under dei 3 bruene over Presteelva. Den første bru er ein del av den trondheimske postveg, og kan dermed vere freda, men ein må likevel sjå på moglegheiter for etablering av større gjennomstrøyming.

BKK skal i 2018 grava ned ny jordkabel som vil kryssa over Presteelva rett oppom nedste bru. Då må arbeidet med større gjennomstrøyming under dei 3 bruene vera fullført i forkant.

Einar Lygre meiner også at sidan det er tale om viktige samfunnsmessige tiltak, som har medført den auka vassmengda i Presteelva, utan å utvida brulaupa, er det eit offentleg ansvar å utbetra og å sikra lokalområdet og eigedomen hans mot framtidig flaum, som kan koma til å øydeleggja både vegar og kjellarar i området.

Ein annan ting er at det nok ikkje er i tråd med gjeldande rett å leie auka vassmengder inn over annan sin grunn og eigedom, utan avbøtande tiltak, eller etter nærmare avtale. Dette gjeld for både offentlege etatar og privatpersonar ved all form for anleggs- og bustadutbygging som vil medføra auka overvassmengde.

Lindås kommune har i over 55 år vist lite interesse i å løysa saka, og Einar Lygre ønsker difor no å henvenda seg til NVE, for om mogleg å få hjelp til flaum-sikring av dei 3 bruene langs Presteelva.

Eg imøteser dykkar svar på ovannemnte !

Side | 3


Med venleg helsing

JURIST | RETTSHJELPER | INGENIØR HALLDOR HAVSGÅRD




Halldor Havsgård

Kopi til : Lindås kommune og Einar Lygre  
Vedlegg : 6 (3 tidlegare brev til Lindås kommune, og 2 kartutsnitt)



Området merka med gult er mitt bruk (Gnr. 108 br.nr. 3 Lindås).  
Det blå skraverte området er det omtalte myrområdet , Lonane, som vart delvis drenert i 1960.



1. Nedste bruopning som til i dag har gjeve dei største problem.
2. Bruopning med sterkt fall som så langt ikkje har gjeve problem
3. Dobbelt bruopning under "Den Trondhjemiske Postvei" som heller ikkje alltid tar unna alt vatnet.
4. Her kjem tunnelen ut på min eigedom
5. Tunnelinngang

Lindås, den 17. november 1961

Lindås jordstyre,

L i n d å s .

I høve kanaliseringa av Lindåsmyrene.

Underskrivne oppsitjarere på gnr. 104 bar. 3 Harald Låstad Lygre, og gnr. 106 bar. 3 Tom Lygre vil gjøre merksam på følgjande:

Siden Ky Jord tok opp kanal og drenerte til bruk på Øvre Lindås-løse, har det synet seg, at i mykle regn fløymer avstelva subbt opp, slik at bruopningane til sume bider ikke har greit å svegle unna vassmengda.

Ein har grunn til å tra at det vil verte endå større vassføring i elva ved sterkt nedbør når kanaliseringa no skal utvidast. Dette kan føre til usydeleggning på vegene langs elva, og også i sume høve på åkor og ann.

De vil derfor be om at turvande utvidinger av dei gjeldane bruopningane og forbyggingsarbeid til verta gjort før å hindra skader som ovenfor nemnt.

Merr statsekonsulent bøye her vore på staden, og vorte gjort kjend med tilhøva.

Vyrdsamt,


TOM LYGRE

HARALD LÅSTAD LYGRE

Einar Lygre  
Dordihaugen 4  
5955 Lindås  
Tlf.: 906 81 945

Hans-Jakob Låstad Lygre  
Fjellangersvingane 334  
5955 Lindås  
Tlf.: 911 53 159

Lindås kommune  
Postmottak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø



Lindås, den 30.januar 2015

## Førebygging av skade etter store nedbørsmengder på gard nr. 108 b.nr. 3, Søre Apalbakken, Lindås

15.nov.2013 førte store nedbørsmengder til at Presteelva gjekk over breddane sine og store vassmengder følgde gardsvegen, grov han ut og la store grusmengder frå seg på markene omkring. Dette var ei forventa utvikling da kommunen ha gjort store inngrep i nedfallsområdet for vatnet til Presteelva.

### *Historikk.*

I 1960/61 vart Lonane, som er den flaten som ligg mellom Kolåsfjellet og Haukåsskolten, grøfta for å kunne gje meir dyrkingsareal til to gardar. Men grøfting av myrane ville ikkje vera nok for å kunne senka vasstanden i området, derfor vart det bygd ein tunnell som førte vatnet ned i Presteelva på bruket mitt (108/3).

Presteelva er grenseskillettet mellom bruk nr. 108/3 (Einar Lygre) og bruk nr. 104/8 (Hans Jakob Låstad Lygre). Eigarane av bruken i 1960 (Tom Lygre og Harald Låstad Lygre), sende då eit brev til Jordstyret i Lindås (sjå vedlegg) der dei peika på kva ein kunne venta seg dersom det kom store nedbørsmengder. Dei skisserte også kva tiltak som dei meinte ville vera naudsynt for å unngå flaum. Eg kan ikkje sjå at dei fekk skriftleg svar frå Jordstyret.

Det vart gjort nokre små inngrep i elvefaret etter tunnelen vart bygd, truleg i samråd med fylkesagronom Hustveit som var på synfaring, men desse har hatt liten innverknad på kapasiteten til elva.

I åra som har gått har det nokre gonger vore så store nedbørsmengder at eigarane har gripe inn for å hindra vatnet å fare nedover gardsvegen. Nedbørsmengdene har likevel ikkje ført til slik skade som denne gongen.

### *Inngrepa.*

Forutan grøftinga og tunellen i 1960 har det vore gjort store inngrep i nedfallsområdet for Presteelva. Alle desse inngrepa har ført til at arealet som nemnd over, og som naturleg har vore oppsamlingsplass for vatnet, både er kraftig redusert og får langt større nedbørsmengder å handskast med på kort tid. Vi kan nemna utbygginga av Lindås Senter med både butikkar, parkeringplassar og bustader. Utbygginga av Kolåsområdet med hus, barnehage og vegar og tilhøyrande grøfter fører til at nedbør derifrå går umiddelbart i Presteelva. Lindås Barneskule drenere alt vatnet rett i Presteelva og det same gjer Lindåshallen og idrettsplassane og parkeringsplassane omkring.

### *Flaumen 2013.*

På strekninga frå tunellen til sjøen er det tre bruer. Den øvste er ein del av den trondheimske postvegen. Ho har to opningar for vatnet.

Den neste ber gardsvegen til gard 104/8, og den nedste er bru over til skogen til same garden. Vassmengdene var så store at sjøl øvste bruha med to opningar ikkje tok unna alt vatnet. Det rann

over bruia, men samla seg i elva att etterpå slik at skaden var stort sett vekkskylling av grus frå bruområdet.

Opningen under neste bru er heller ikkje svært stor, men elvefaret er svært bratt slik at vatnet fekk svært stor fart, og mengdene som då gjekk gjennom opningen kvart sekund var svært stor. Dessutan vart det støypt opp eit vern mot vatnet i 1960.

Etter denne bruia rinn elva gjennom eit flatt område som drenerer seg under nedste bruia. Her er opningen mindre enn kvar av opningane i øvste bruia og ho kunne ikkje på nokon måte ta unna vatnet. Vatnet gjekk derfor over bruia og følgde gardsvegen heilt til tunet mitt.

Etter flaumen i november 2013 søkte eg om erstatning frå naturskadefondet. Det var halde skjønnsforretning den 27.11.2013 og skjønnslutninga seier at erstatninga vert sett til 33.000,- kr. eksklusiv meirverdiavgift. Erstatningssummen er ikkje tatt ut endå, da eg meiner det er naturleg å sjå reparasjonen i samanheng med opprusting av Presteelva.

Forutan skaden på vegen førte flaumen til at det kom vatn inn i kjellaren på huset til Inger-Johanne og Jørgen Øvstegård. Her greidde ein likevel å hindra at det vart gjort nemnande skade.

Grunnen til flaumen er at opningane under bruene i Presteelva er for små til å ta unna dei vassmengdene som kom.

### *Vårt forslag til opprusting av Presteelva.*

Vårt forslag til opprusting av Presteelva kan vel seiast å vera nælast identisk med krava frå Tom Lygre og eigar av gard./bruk nr. 104/8 Harald Låstad Lygre i 1961, men må vurderast av fagfolk på nytt. Hovudsakeleg må opningane under bruene utvidast. Då må det mellom anna vurderast om elvefaret frå øvste bru til den neste vil greia å ta unna vatnet som vil koma i større mengder pr. sek. enn det gjorde om vi får same nedbøren som hausten 2013. Strupeeffekten vil då vera borte.

Elvefaret mellom dei neste to bruene bør gjerast djupare. Her er det nok berre snakk om graving.

### *Kommunen sitt ansvar.*

Vi meinar at kommunen har det heile og fulle ansvaret for å opprusting av Presteelva. Hendinga i november 2013 var forventa og tatt opp med kommunen alt for over 50 år sidan utan at tiltak er gjort. På den tid var ingen av dei store utbygginga planlagt: Utbygging av Lindås Senter, Kolåsområdet, småskulen og idrottsanlegga med Lindåshallen. Likevel såg ein kva som kunne koma til å henda. Etter denne flaumen har vi også fått klare varsel om at nedbørsmengdene er i ferd med å auka og også koma bråare enn vi har vore vande med. Vi slapp heldigvis unna dei enormt store nedbørsmengdene her på Vestlandet hausten 2014, men vi følgde godt med då regnet kom.


Vi vil peika på at eigedomane våre utgjer ein svært liten del av det totale nedslagsfeltet til Presteelva, 50-100 da, ovanfor den nedste bruia. Det totale nedslagsfeltet er truleg fleire tusen da. Det skadelege vatnet frå eigedomane våre utgjer derfor ein svært liten del av den auka avrenninga til elva.

Vi ventar no at kommunen set i gang naudsynt arbeid for å få gjennomført opprustinga av elva. Det må då også planleggjast for langt større nedbørsmengder enn dei vi har hatt til no.

Med venleg helsing

1 vedlegg

  
Einar Lygre

  
Hans-Jakob Låstad Lygre

1176

Einar Lygre  
Dordihaugen 4  
5955 Lindås  
Tlf.: 906 81 945  
ePost: [einar.lygre@bkkfiber.no](mailto:einar.lygre@bkkfiber.no)

Lindås kommune  
Postmottak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Lindås 11.desember 2015

**Etterlysing av kommunen sitt svar på sak 15/407 – Førebygging av skade etter store nedbørsmengder på gard nr. 108 b.nr. 3, Søre Apalbakken, Lindås**

Denne saka vart journalført 2.februar 2015, men er ikkje lenger søkbar for meg på nettet!

I saka vert det vist til flaum i Presteelva i 2013. Hausten 2014 held Presteelva på nytt å gå over bruene, men nedbøren minka så pass at det ikkje hende.

No har vi på nytt hatt store nedbørsmengder i følge med stormen «Synne». Han nådde ikkje skikkeleg hit – heldigvis - , men ville utan tvil ha gjort endå større skade enn i 2013 om han hadde slått til for fullt her. Vi følgde godt med.

Heile saka trur eg er bra framstilt i det opphavelege brevet frå meg og Hans-Jakob Låstad Lygre frå 30.januar 2015, og folk frå kommunen har dessutan vore og sett på tilhøva eit par gongar. Etter fleire telefonsamtalar med sakshandsamarar i kommunen ser det ut som om kommunen har vanskar med å plassera saka i rett avdeling. Minner då om at det eldste brevet eg har funne på saka er frå 1961 og var adressert til Jordstyret. Kopi av brevet ligg som vedlegg til saka.

Med dei voldsomme endringane vi har hatt i nedbørsintensitet dei siste åra er det all grunn for kommunen å ta tak i saka snarast. Med litt meir nedbør neste gong vil vi truleg ikkje kunna hindra at vatnet fyller kjellaren til naboen min, Jørgen Øvstegård. Gardsvegen vil heller ikkje kunne nyttast slik som i dag, både som gardsveg og turveg, utan større reparasjonar. Viser då også til Naturskadefondet sin skadeerstatning på 33.000 kr + moms.

Eg ventar no at saka ikkje vert liggjande i ro eller berre vert flytta frå avdeling til avdeling hjå kommunen.

Med venleg helsing

Einar Lygre